



## TILTAKSKATALOG SKULE

Kurs/opplæring i kompenserande hjelpemiddel	
Kva?	Opplæring i hjelpemiddel som gjev lese- og skrivestøtte. Skulane i Kvam gjev opplæring i lese- og skrivestøtteprogrammet Textpilot. I tillegg organiserer me tilgangar og gjev opplæring i lydbøker på nlb.no, og me gjev opplæring i å brukha digitale lærebøker.
For kven?	Elevar som med lese- og skrivevanskars.

Lesekurs	
Kva?	Intensive kurs i repetert lesing eller andre lesepedagogiske opplegg. Før og etter kurset vert det gjort ei enkel lesekartlegging som grunnlag for å vurdera om tiltaket har hatt effekt.
For kven?	Elevar som treng det, definert gjennom kartleggingar eller gjennom observasjon av lærar.

Faglege kurs	
Kva?	Dette kan til dømes vera skrivekurs, bokstavkurs, ordkurs, kurs innan tema i matematikk.
For kven?	Elevar som treng det, definert gjennom kartleggingar eller gjennom observasjon av lærar.

Planleggingssamtalar	
Kva?	Individuelle samtalar med lærar for å gå gjennom veka, arbeidsøkter, leksearbeid.
For kven?	Elevar som treng det

Sekretær på prøvar/munnlege prøvar	
Kva?	Eleven får lese opp spørsmål på prøven og ein voksen skriv ned svara.
For kven?	Elevar med lese- og skrivevanskars eller utføringsvanskars.

**Tilgang til fysiske hjelpemiddel og visuell støtte i klasserommet**

Kva?	I alle klasserom bør det vera tilgang til høyretelefonar, PC, øyreproppar, hørselvern, visuell støtte i form av til dømes tydelege planar for dagen og veka, konkretiseringsmateriell.
For kven?	Dette er hjelpemiddel som er viktige for elevar med særskilte behov, men som kjem alle elevane til gode.

**Ekstra bøker heime**

Kva?	Skulebøker som ligg heime.
For kven?	Elevar som strevar med organisering og planlegging, eller som av fysiske årsaker ikkje bør bera bøker i sekken. Tiltaket må sjåast i samanheng med det totale behovet på trinnet og tilgangen på bøker.

**Utdeling av notat frå lærar**

Kva?	Lærar gjev ut notat i staden for at eleven sjølv skriv ned det som er på tavla/skjermen.
For kven?	Elevar med lese- og skrivevanskar, elevar med utføringsvanskar og andre elevar der ein vurderer at eleven har meir nytte av å konsentrera seg om å lytta enn å skriva.

**Foreldrekurser dysleksi og Textpilot**

Kva?	Jamlege kurs etter oppsett plan i støttesystemet. I tillegg opplæring til foreldre til barn som nyleg har fått fastlagt ein lese- og skrivevanske og ikkje har vore på kurs før.
For kven?	Foreldre til barn og ungdomar med lese- og skrivevanskar.

**Korte støttesamtalar**

Kva?	Korte samtalar mellom elev og voksen for å få oversikt over fagleg innhald og struktur.
For kven?	Elevar som treng det.

**Oppfølging av miljørettleiar**

Kva?	Nokre av skulane i Kvam har miljørettleiar. Dei kan gje råd til enkeltelevar, grupper, klassar og andre tilsette på skulen om tema som vennskap, sosialt samspel, daglegdagse utfordringar knytte til skule og familie.  Ved meir alvorlege tilstandar eller situasjonar vil eleven verta vist vidare til andre instansar, til dømes helsejukepleiar.
For kven?	Lågterskelttilbod for alle elevar

**Samtalar med helsejukepleiar**

Kva?	Elevane kan oppsøka helsejukepleiar for å snakka om tema som fysisk eller psykisk helse, vennskap, utfordringar i familien, på skulen eller i fritida, seksualitet og andre små eller store problem.
For kven?	Lågterskelttilbod for alle elevar. Etter samtykke kan det vera del av formalisert samarbeid mellom skulen, skulehelsetenesta og heimen.